

Oppsummering frå digitalt informasjonsmøte

Publisert: 08.11.2023

Vi hadde den 6. november eit digitalt informasjonsmøte om 1. desember fristen og det nye 4H-løpet. Her kjem ei lita oppsummering og svar på ein del av spørsmåla som var stilt der.

1. desember fristen

Det var ein gjennomgang av rutinane ved årsrapporteringa. På 4h.no/ressurssider/medlemsregisteret/arsrapportering finn de all info de treng.

Det vart framheva at dersom ein skal endre verv, så må ein sette sluttdato på eksisterande verv og så opprette nytt verv. Og dersom ein skal endre eller avslutte verv på seg sjølv så må ein endre verv på andre først.

Endring av opplysingar i Brønnøysund skal oppdaterast av det avtroppande styret. Framgangsmåte / info om dette finn de i nedlastingssenteret på [4h.no \(4h.no/for-4h-ere/nedlastingssenter/\)](https://4h.no/for-4h-ere/nedlastingssenter/)

Det vart stilt spørsmål om kassadagboka for klubbar som har fleire bankkontoar. Er pr. no ikkje noko god løysing for dette, så inntil vidare må kontoane summerast manuelt, og i balansen skriv ein inn kontonummera i tekstfeltet (ein skriv inn fleire kontonummer sjølv om det egentlig er meint å skrive inn eit). Dei som ikkje har kontantar kan evt. bruke kolonne for kasse som ekstra bankkonto. For 2024 satsar vi på å ha klar ei betre løysing for dette.

For spørsmål om årsrapporteringa ta kontakt på epost: ole.seljeseth@4h.no

4H-løpet

Informasjon om det nye 4H-løpet finn de på 4h.no/4h-lopet/

Det vart stilt spørsmål om poeng til aspirantar. Aspirantar vil med det nye løpet også kunne få poeng, men vil ikkje få poeng for i år.

Medlemene får med seg poeng frå prosjekt i år og tidlegare år, der eit juniorprosjekt gir 120 poeng og eit seniorprosjekt gir 160 poeng. For at det skal bli mest mogleg rettferdig, vil ein ikkje få poeng frå aktivitet i år og tidlegare år.